



Mange kosar seg på toppen etter fullført Solfjelløp.

Med 24 deltakarar var det ein fin auke på deltakarar i konkurranseklassen under årets Solfjelløp. I fjor var det 15. Likevel ser arrangøren at løpet har eit større potensiale. Det gjev dei svært gode tilbakemeldingane frå dei tilreisande deltakarane tydelege signal om.



Eirik Musland veg sekken før start. Den held vekta med god margin.

I år var det for første gang deltakarar frå Mjøsdalen IL på Osterøy. Nokre av dei kom i bil, medan 3 av dei kom i båt. Dei fortalde at dei hadde hatt ein fortreffeleg tur frå dei reiste ut Osterfjorden, og til dei kom inn mot Uskedalen med det flotte naturlandskapet med dei særdeles vakre fjella rundt. Osterøy-gjengen pleidde å reise rundt på mange motbakkeløp, og no ville dei prøve Solfjelløpet for første gang. Då vi snakka med dei før start såg dei verkeleg fram til turen til topps!

Elles var det deltakarar frå strekningen mellom Stavanger og Bergen, men innslaget av lokale løparar kunne nok vore større. Forklaringa på dette ligg kanskje i kollisjonar med andre arrangement.



Kurt Haugland var den einaste som mottok krus for deltaking i 5 løp i år.

Arrangørane er svært godt fornøgd med årets arrangement, og dei gjev uttrykk for at dei vil utvikle Solfjellsløpet vidare og marknadsføre det breiare og betre.

I ei anna sak har vi skrivne om at Erlend Drivenes frå Tørvikbygd var best i herreklassen på ny, sterk løyperekord. Steinar Haugland vart beste uskedeling på den imponerande tida 48.21.

I dameklassen vann Margunn Eik også i år. Vinnartida i år heldt ikkje til ny rekord, men jammen er vi imponert! Margunn kom til topps på 54.17.



Solveig Haugland på veg til topps!

Resultat:

Jenter 12-14 år.

1. Solveig Haugland, Uskedal IL 63.03



Johannes sprang Åkraløpet i går, Solfjelløpet i dag. Sprekt!

Gutar 15-18 år.

1. Henrik Bauge, Rosendal TL 47.40
2. Johannes Haugland, Uskedal IL 52.44
3. Tord Sæle, Uskedal IL 54.50



Erlend Drivenes på veg mot siger og ny rekord.

Menn 19-39 år.

1. Erlend Drivenes, Tørvikbygd IL 40.26(Ny rekord)
2. Andreas Søfteland, Søfteland IL 44.16
3. Johannes Heien, IL Ternen 49.13
4. Bjørn K. Sørvik, Bremnes Seashore 51.38
5. Eirik Musland, Lysekloster IL 54.16
6. Yngve Myhre, Uskedal IL 54.46



Bjørn Egil Haugland er i imponerende form.

Menn 40-59 år.

1. Dag-Henry Nilsen, Vaksdal 45.59
2. Kjetil Styrvoll, Opptur 47.09
3. Steinar Haugland, Uskedal IL 48.21
4. Valter Midtsæter, Mjøsdaalen IL 50.55
5. Bjørn E. Haugland, Uskedal IL 51.46
6. Geir Eikeland, Statoil BIL 54.12
7. Øystein Øvsthus, Mjøsdaalen IL 57.35
8. Richard Berthelsen, Mjøsdaalen IL 58.23
9. Magne Heien, IL Ternen 60.35
10. Kurt Haugland, Uskedal IL 76.41



Pål Haugland, eldst, men god!

Menn over 60 år.

1. Pål Haugland, Uskedal IL 69.45



Margunn Eik vann dameklassen også i år.

Damer 40-59 år.

1. Margunn Eik, Uskedal IL 54.17

- | | |
|-------------------------------|-------|
| 2. Hildegunn Håland, KK BIL | 55.40 |
| 3. Randi Norås, Mjøsdaalen IL | 68.30 |



[Ingen av dei kunne ta opp kampen mot Drivenes](#)

Oversikt over deltakarane i trimklassen kjem seinare.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Anbjørn Høyvik.